

**Notat**

Dato: 04.12.2019  
Saksnr: 2019/13-3  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Prosjektleiar

---

## **Reglement for folkevalde organ og delegering**

I konstituerande møte i fylkestinget 15.oktober 2019 vedtok fylkestinget i Vestland reglement for folkevalde organ og delegering.

Dei rettslege utgangspunkta for myndepllassering og delegering følgjer av kommunelova § 5-3:

«Kommunestyret er det øverste organet i kommunen, og fylkestinget er det øverste organet i fylkeskommunen.

Kommunestyret treffer vedtak på vegne av kommunen, og fylkestinget treffer vedtak på vegne av fylkeskommunen, hvis ikke noe annet følger av lov.

Kommunestyret og fylkestinget kan delegere myndighet til å treffen vedtak til andre folkevalgte organer, ordføreren eller kommunedirektøren innenfor rammene av denne loven eller annen lov.»

### Vurderingar kring gjeldande reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland

Det går fram av reglement for fylkestinget at «Fylkestinget har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ.»

Av dette følgjer eit krav om at delegert mynde skal vere positivt angjeve. Slik positiv delegering kan vere gjort i reglement for det folkevalde organet, i delegering etter særlov, i økonomireglement eller ved særskild delegeringsvedtak. Dersom organet ikkje positivt er delegert mynde, har organet heller ikkje mynde.

I reglement for fylkesutvalet går det fram i punkt 2.1.7. Andre oppgåver:

«Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.»

Gjennom denne formuleringa er fylkesutvalet delegert omfattande mynde.

Dersom det er tvil/motstrid rundt *kva organ* som er delegert mynde, må ein leggje til grunn eit prinsipp om trinnhøgd, der fylkesting står over fylkesutval, hovudutval og andre folkevalde organ i denne rekjkjefølgje.

Når det gjeld mynde som er delegert til fylkesrådmannen, vil prosjektleiar presisere at mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker berre gjeld i «*saker som ikke har prinsipiell betydning*,» jf. kommunelova § 13-1 sjette ledd. Saker med prinsipiell betydning skal til politisk behandling.

#### Vidare arbeid med reglement for folkevalde organ og delegering

Prosjektleiar er gjort merksam på ein del uklarheiter i vedtekne reglement. Prosjektleiar vil i februaratinget fremje ei sak kor ein gjer naudsynte endringar og presiseringar i reglementa.

Prosjektleiar vil samstundes legge opp til at fylkestinget nemnar opp eit arbeidsutval som skal sjå på reglement for folkevalde organ og delegering i eit vidare perspektiv. Prosjektleiar vil kome nærmare tilbake til forslag til mandat, men sentralt vil stå plassering av avgjerdsmynde. Prosjektleiar legg og til grunn at arbeidsutvalet kan sjå på kvalitative tekstforbetringar til gjeldande reglement.